



KOS PÅ TUR: Victoria Lid (15) frå Os deltok nyleg på ein historisk seglas, for å markera at det er 850 år sidan leivningane til Sta. Sunniva vart flytta frå Selje til Bergen. Her avbilda i baugen på ein av båtane. Foto: Roy Arild Nilsen/Vardetangen Film

Victoria (15) fekk vera med på historisk seglas

Victoria Lid bur på Os, men har vore mykje på besøk hos mormor og morfar på Tysnes gjennom oppveksten. Nyleg tok ho del i ein historisk seglas frå Selje til Bergen.

Erlend Skorpetveit Aga
erlend.s.aga@hotmail.com

– Det var veldig spesielt. Eg kunne nesten ikkje heilt tru at det faktisk skjedde, og plutselig var det over, fortel Victoria. Victoria starta livet i Bergen, men flytta etter kvart med foreldra til nytt hus på Os. No går ho siste året på ungdomsskolen, og har allereie tankar om kvar ho ynskjer å

fortsetta skulegangen neste haust.

– Eg har lenge hatt lyst til å gå på St. Paul gymnas i Bergen, som er eit katolsk gymnas. Vegen vidare derifrå er framleis usikker.

– Eg hadde lenge lyst til å bli psykolog, men det har eg lagt frå meg no. Då eg var lita ville eg jobba i barnehage, men det har eg òg falle bort i frå. No vurderer eg å bli noko innanfor helse, så planen er å ta generell studiekompetanse.

Hyppige besøk til Tysnes

Heilt sidan Victoria var lita har ho reist til Tysnes med jamne mellomrom for å vera med mormor og morfar; Britt Kjellesvik Rage og Knut Rage. Dei bur like ved Tysnes kyrkje.

– Eg hugsar at då eg berre var nokre få år gamal tok eg ferja til Tysnes med mamma, og så kom mormor og henta meg på kaien, fortel ho, og legg til:

– Det har alltid vore så koseleg å komma til Tysnes. Ein får ei skikkeleg sterk kjensle av å vera på bygda, og ein har eigentleg alt som trengst her. Victoria sjonglerer mange forskjellige hobbyar, deriblant grønne plantar og hekling.

Interessa for sistnemde kjem frå mormora.

– Mormor har eit dokkegalleri, som gjer at ho har massevis av stoff, garn og gode symaskinar. Difor likar eg å halda på med slike prosjekt når eg er der.

Tekstilprosjekt har ho halde på med sidan ho var lita.

– Eg pleidde å sy fingerdoker då eg var seks år gammal. Eg pleidde òg å vera med mormor på jobb til dokkegalleriet hennar. Det var utruleg koseleg, for då fekk eg alltid nokre lomme pengar slik at eg kunne gå ned til kiosken og kjøpa softis, seier Victoria, og legg til:

– Men det var òg veldig kjekt å vera med morfar på jobb då han jobba på biblioteket. Då var eg ofte med han for å lesa i bøker. Aktivitetane strekkjer seg lenger enn berre symaskinar og bøker.

– Me går ofte inn til sentrum for å sjå oss litt rundt, går på kafé, handlar klede og går på turar. Fleire gongar i året tek eg med meg bestevenninna mi, Julie, til Tysnes. Då bur me hos mormor og morfar, noko

som er veldig koseleg fordi me går på masse turar og lagar god mat, fortel Victoria.

Mormor og morfar bur ikkje aleine i huset sitt på Tysnes. Dei deler nemleg bustad med eit par firbeinte familiemedlemmar.

– Dei har to veldig koselege kattar som eg likar veldig godt. Dei heiter Jesper og Fia, forklarar Victoria.

Den siste tida har det vore lite reiser til Tysnes på grunn av koronapandemien.

– Eg saknar mormor og morfar veldig mykje, så eg håpar eg kan reisa dit snart, fortel ho.

Ein reflektert og kunnskapsrik tenåring

Knut Rage og Britt Kjellesvik Rage er svært kry over det eldste barnebarnet sitt.



FAR OG DOTTER: Victoria saman med faren hennar, Øystein Lid. Foto: Privat



GLADE REISANDE: Victoria (t.h) saman med dei andre jentene. Foto: Roy Arild Nilsen/Vardetangen Film

– Ho verkar kanskje litt stille og beskjeden, men samtidig er ho den som alltid held talar og tar mikrofonen før alle andre. Ho er veldig reflektert, les mykje og er ei kunnskapsrik, ung dame som lagar sine egne vegar. Den sosiale kretsen hennar er veldig god, og ho har mange gode venar. Ho er òg ein type person som ofte endar opp i leiarsposisjonar, fortel Knut, som har drive mykje med lokalhistorie og vore biblioteksjef på øya i ei årrekke.

Når Knut tek med seg Victoria ut på tur, fortel han ofte om historia til områda dei vitjar.

– For nokre år sidan gjekk me ein tur oppover ein sti som i gamle dagar var ein skuleveg som gjekk over fjellet. Då me gjekk over der så var ho veldig

interessert i å høyra om alle ungane på den tida, og var veldig interessert i at det var frå gamle dagar, forklarar han.

Turduoen var på ein liknande tur tidlegare i år.

– I sommar var me på Moster Amfi, der blant anna Olav Tryggvason har vore. Håkon den gode stammer derfrå, og i tillegg har Olav den heilage vore der. Amfiet har ei utstilling frå mellomalderen, og Victoria var veldig interessert i historia. Det blei difor ein fin opptakt til turen hennar til Selje, seier Knut, og legg til:

– Ho var innom her i sommar for å få seg litt segltrening før seglturen òg, avsluttar han.

Jubileumsseglas

Seglasen fann stad for å markera at det i 2020 er 850 år

sidan Sta. Sunniva sine leivningar vart flytta frå Selje til Bergen. Samtidig er det 950-årsjubileum for Bjørgvin bispedøme. Då dei skulle velja ut kven som skulle få bli med på reisa, var det ynskjeleg med eit mangfald.

– Sidan Sta. Sunniva er ein helgen ville dei få med kristne folk. Opphavleg ville dei ha med ein ortodoks, ein katolikk, ein protestant og ein frå Irland. På grunn av koronapandemien vart det i staden ein ortodoks, ein katolikk og to protestantar. Alle var jenter, forklarar Victoria.

Det var mange forskjellige batar som skulle vera med. Dei la frå kaien i Selje den 29. august.

– Det var ganske spesielt, for då var det mange folk



NY RYGGSEKK: Victoria på tunet hos mormor og morfar, med ny sekk som mormor har sydd. Foto: Privat



LEIKEN: Victoria på dissa hos mormor og morfar. Foto: Privat

som møtte opp før me drog av garde. Dei kom for å ta farvel og ynskja oss ein god tur, så det var veldig hyggeleg, seier Victoria.

På ferda mot Bergen vart det mange landlege stopp undervegs.

– Me gjekk i land omtrent to stader kvar dag. Då blei me alltid møtt av mykje forskjellige folk, i tillegg til prestar og ordførarar. Men det var eit stopp som var ekstra spesielt å vitja, og det var Askvoll. Her var det utruleg mykje meir folk som hadde møtt opp for å ta oss imot, journalistar tok bilete, band spelte musikk, og store mengder skulebarn kom for å seia hei, fortel Victoria.

Under heile reisa måtte dei bruka mellomalder-kostyme.

– Kostyma var ei oppleving

i seg sjølv. Eg trur det var for å passa inn i den tidsperioden Sunniva levde i. Dei var veldig praktiske, for dei var gode til å gje varme når det var kaldt på båten. Samtidig hadde dei ikkje vore like spesielt dersom me for eksempel gjekk i turklede, og eg trur ikkje me ville blitt tekne like mykje på alvor. Det hadde ikkje vore det same utan, seier Victoria.

Venskapa vart sterke i løpet av turen.

– Eg blei veldig godt kjent med dei andre jentene. Me budde jo saman heile tida, døgn rundt. Då fekk me snakka mykje i lag, noko som gjorde at me blei utruleg gode venninner, avsluttar Victoria.

Skipa kom til Bergen laurdag 5. september.